

Kontrollutvalget i Vestland fylkeskommune  
V/sekretariatet

30. september 2020

## **Førespurnad om auka timeramme knytt til gjennomføring av risiko- og vesentleganalyse og planarbeid for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune**

Vi viser til orientering i kontrollutvaldsmøte 17.9.2020 der vi opplyste om at det var sannsynleg at det ville bli behov for ei auke i timeramma for pågåande risiko- og vesentleganalyse i Vestland fylkeskommune.

Når prosjektet no snart er ferdigstilt ser vi at vi vil trenge inntil 25 timar ekstra. Årsakene til dette er følgjande:

1. Covid-19-pandemien har medført forseinkingar i gjennomføringa noko som har gjort at vi har hatt behov for å bruke tid på å sikre oppdatert informasjon i undersøkinga i høve til det som opphavelg var gjennomgått
2. Dokumentasjonsgjennomgangen har tatt meir tid enn forventa fordi det har vore behov for å undersøke dokumentasjon og statistikk frå to tidlegare fylkeskommunar både når det gjeld verksemda og selskap.
3. Intervju med fylkesdirektørane blei gjennomført i vår. Dei ga innspel, men sa samtidig at organisasjonen var ny og at det gjorde at det var vanskeleg å peike ut risiko-område. Vi har derfor brukt noko tid på å følgje opp dette no i haust og har invitert fylkesdirektørane til å gje ytterlegare innspel.
4. For dei intervjuja som er gjennomført no i haust (politikarar) har det tatt lenger tid enn normalt å få svar og etablert avtaler. Det har vore behov for å bruke tid på å purre og justere avtaler.

Med venleg helsing  
Deloitte AS

**Birte Bjørkelo**  
Partner